



Jan Eirik Spurkeland  
Seimssstranda 565  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2239 - 19/26317

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
03.09.2019

## Tillatelse til utvida bruk av avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 177/56

**Tiltak:** Utvida bruk av eksisterande avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 177/56 Nesvika  
**Tiltakshavar:** Jan Eirik Spurkeland  
**Ansvarleg søker:**

Delegasjonssak nr.: 487/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for tilkomst til ei nausttomt datert 07.08.2019. Søknad motatt via online søknadsskjema.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det er søkt om utvida bruk av avkjørsle til etablert privatveg over beite til eksisterande naust og nausttomter.

#### Vurdering/drøfting:

Vegavdelinga har vore på synfaring på staden. Avkjørsla kjem ut frå privat veg som er stengt med grind mot beite. Den kommunale vegen er svært smal, ikkje eigna for anna enn personbil og mindre jordbruksutstyr. Ut i frå det visuelle, er den kommunale vegen svært lite i bruk. Vegetasjon i siktsone (innersving) bør fjernast, mindre buskar og nokre tre. Ut frå vegen sin eigenart, vil det ikkje vere mogleg å halde høg fart her. Vegen er bratt og smal, men det er mogleg å stanse ei billengde inn og ut av avkjørsla, før grinda, utan å hindre tilkomst i den kommunale vegen..

#### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis avkjøringsløyve for utvida bruk av denne avkjørsla for ei ny nausttomt.

#### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg, for ei nausttomt, med heimel i veglova §§ 40 til 43.



Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigin grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt veginivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Det må utførast vegetasjonsrydding i siktsone, innersving communal veg.

Gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld utvida bruk av avkjørsle. Byggeløyve er søknadspliktig og andre løyver kan vere søknadspliktige.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

#### Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

#### Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

Gunnveig Irene Spurkeland

Seimsstranda 565 5912

SEIM

**Mottakarar:**

Jan Eirik Spurkeland

Seimsstranda 565 5912

SEIM